

# KJØPEKONTRAKT

## 1. AREAL

Sykkylven kommune som seljar og

.....  
som kjøpar har idag gjort avtale om overdraging av tomt i bustadfeltet  
.....

Tomta har nr. .... .

og er tinglyst under gnr. , bnr. .

Plasseringa av tomta går fram av reguleringsplanen for byggefeltet. Nøyaktige grenser og storleik på tomta blir fastsett ved kart-, oppmålings- og skylddelingsforretning.

Ein gjer merksam på kommunen sine reglar vedkomande tomtebytet mot veg og vegskråning som fritt kan leggest inn på tomtearealet.

## 2. PRIS

Pris på tomta er fastsett slik: kr..... pr. m<sup>2</sup> samt kr..... .

I tillegg til denne prisen kjem tilknytingsavgift for vatn og kloakk, samt kostnader for oppmåling/tinglysing av målebrev.

Pris for kraftkabel kjem og i tillegg og vert gjort opp direkte med Sykkylven Energi as.

Kostnad for tinglysing av skøyte skal dekkjast av tomtekjøpar.

## 3. BETALINGSVILKÅR

Kjøpesummen forfell til betaling mot utlevering av heimelspapir og seinast 3 månader etter underskriven kontrakt.

Dersom kjøpesummen ikkje er betalt i rett tid, er kontrakta å sjå som ugyldig. Det står då kommunen fritt å selge tomta til ein annan kjøpar.

#### 4. BYGGEFRIST

Den som får tildelt tomt må innan 2 - to - år frå heime er overført, bygge på tomte i samsvar med reguleringsplanen. (Arbeidet må minst vere kome så langt at grunnmuren på huset er oppsett). Er det ikkje bygt på tomte innan den tid, kan kommunen krevje at tomte blir skøyta attende til kommunen, eller til ny tomtekjøpar som kommunen peikar ut. Ein skal då nytte den summen som er nemnt framanfor, utan rentetillegg. Formannskapet kan fråvike desse reglane i einskilde høve.

#### 5. FORKJØPSRETT

Ved sal til tredjemann av ubebygd tomt, har kommunen forkjøpsrett for den summen som er nemnt framanfor, utan rentetillegg.

#### 6. TEKNISKE ANLEGG. KRAFTFORSYNING. HEIMELSPAPIR - AVLYSING AV HEFTE.

Kommunen har opparbeidd vegar, vatn- og kloakkanlegg og overløpsleidningar i samsvar med reguleringsplanen for området og i samsvar med vedtak i formannskapet og kommunestyret.

Avkøyring inn til dei einskilde husa skal ikkje opparbeidast av kommunen.

Sykkylven Energi AS har vidare bygd ut kablar, kioskar, transformatorar og lavspent leidningar/kablar i samsvar med godkjende planar.

Kommunen vil, slik det er nemnt i pkt. 3, skaffe heimelspapir, og vil syte for avlysing av evt. hefte. Kommunen tar likevel ikkje på seg noko økonomisk ansvar dersom det skulle oppstå problem som fører med seg at det tar noko tid å få alle slike formalia i orden.

#### 7. RETT TIL LEIDNINGAR/KABLAR OVER TOMTENE

Sykkylven kommune/Sykkylven Energi as/vassverket/televerket har, utan vederlag, rett til plassering av stolpar og til å legge og ha liggande i og ved tomtene nødvendige leidningar/kablar etc. til betjening av tomtene i byggefeltet.

Dei same organ har, utan vederlag, rett til å utføre nødvendige vedlikehaldsarbeid på leidningar og/eller kablar. Det er eit vilkår at tomtene etterpå blir sett i same stand som dei var før vedlikehaldsarbeidet vart sett i gang.

## 8. PLANLEGGING/BYGGING AV HUS PÅ TOMTENE

Husa i byggefeltet skal planleggast og byggast i samsvar med reglane i bygningslova og gjeldande byggeføresegner. Elles må ein rette seg etter reguleringsplanen og reguleringsføresegnene. Tekniske tenester gir rettleiing og nærare opplysningar.

Spørsmål om avkøyrse, og alle tilkoplingar til hovudleidningar langs tomta, må avtalast med tekniske tenester/Sykkylven Energi as.

Byggeplanane må vere godkjende før noko arbeid kan settast i gang.

## 9. EVT. TVIST VEDKOMANDE KONTRAKTA

Partane er samde om at evt. tvist vedk. denne kontrakta skal avgjerast av ei voldgiftsnemnd på tre medlemmer utpeika av Sunnmøre Sorenskrivarembete.

## 10. KONTRAKTA

er utskriven i to eksemplar, med fordeling eitt eksemplar til kommunen og eitt eksemplar til kjøparen.

Sykkylven, den .....

Som kjøpar:

Som seljar:  
SYKKYLVEN KOMMUNE

.....

.....